



FORSKRIFT OM ORDENSREGLEMENT FOR GRUNNSKULANE I STRANDA KOMMUNE

I – INNLEIING

§ 1. Heimel

Denne forskrifta om kommunalt ordensreglement for grunnskulen i Stranda kommune blir fastsett med heimel i lov av 17. juli 1998 nr.61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova).

§ 2. Formål

Elevane har etter § 9A i Opplæringslova rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Elevane har og rett til å bli møtt med respekt og omtanke. Ordensreglementet for grunnskulen i Stranda kommune har som mål å fremje trivsel, samarbeid, respekt og medansvar for alle i skulesamfunnet. Ordensreglane skal vere rettesnor for korleis vi organiserer skulekvardagen på best mogeleg måte, og korleis vi løyser problem som eventuelt måtte oppstå.

§ 3. Virkeområde

Ordensreglementet gjeld for alle aktivitetar i skulen sin regi når skulen har ansvar for tilsyn med elevane. Ordensreglementet gjeld også på skulevegen. Ordensreglementet skal gi klare rammer for kva som er god orden og god åtfærd. Ordensreglementet er grunnlaget ein skal vurdere etter ved fastsetjing av karakterar i orden og åtfærd..

I tillegg til dette ordensreglementet skal rektor - i samarbeid med lærarar og elevar - sørge for at det blir utarbeidd trivselsreglar for kvart klassesteg. Desse trivselsreglane skal ha ei positiv vinkling i høve til aktivt arbeid for å skape eit best mogeleg skulemiljø.

II - REGLAR OG SANKSJONAR

§ 4. Generell orden og åtfærd

For at skulemiljøet skal vere trygt og godt, er det viktig at alle følgjer vanlege reglar for god åtfærd og god orden. Ordensreglane skal vise kva skulen synest er god orden og god åtfærd. Det er uråd å nemne alle situasjonar i eit ordensreglement, likevel vil punkta nedanfor kunne vise korleis ein skal oppføre seg på skulen for å skape eit godt forhold mellom elevane og mellom elevane og dei tiletsette ved skulen. Punkta under vil og vise grunnlaget for vurdering av karakter i orden og åtfærd, jfr § 3-5 i føresegnene til Opplæringslova.

Det er god orden når eleven:

- Møter presis til skulen og til timen
- Viser god arbeidsinnsats
- Har med nødvendig utstyr
- Tar vare på bøker og utstyr
- Gjer pålagt arbeid til rett tid
- Hjelper til med å halde skulen rein og ryddig
- Leverer melding for fråvær

Det er god åtfærd når eleven:

- Er hyggeleg og høfleg overfor medelevar og vaksne
- Er rolege i timane og ikkje forstyrrar undervisninga.
- Viser respekt for skulens og andre sin eigedom
- Rettar seg etter beskjedar frå vaksne
- Respekterer reglane som gjeld for mobil og internettbruk og for fotografering og publisering av bilete.
- Ikkje bannar eller brukar grov språkbruk
- Ikkje plagar andre, trugar, mobbar eller viser annan form for krenkjande åtfærd(verken fysisk, psykisk eller ved hjelp av digitale medium)

- Ikkje røykjer, snuser eller brukar rusmidlar
- Ikkje tar med farlege eller ulovlege (t.d tobakk, rusmidlar)gjenstandar til skulen
- Ikkje fuskar eller gjer forsøk på å fuske.
- Ikkje forlet skuleområdet utan løyve

§ 5. Sanksjonar ved brot på ordensreglementet

1. Reaksjonar

Før alvorlege reaksjonar blir sett i verk, har eleven krav på å forklare seg munnleg overfor den/dei som skal fatte vedtaket. Eleven har i slike høve rett til å ta med seg ein person.

2. Straffbare tilhøve

Dersom det føreligg mistanke om straffbare tilhøve, kan skulen be om politiet si hjelp til å gjennomføre kontroll eller andre tiltak. Eleven sine foreldre/føresette skal om mogeleg varslast munnleg samtidig med at politiet blir bedt om hjelp. Foreldre/føresette skal uansett varslast skriftleg om at det er søkt om hjelp frå politiet.

3. Erstatningsansvar

Ved bevisst skade eller skadeverk på skulen sin eigedom og utstyr kan eleven, i tillegg til å bli pålagt sanksjonar etter dette reglementet, også bli erstatningsansvarleg, jf. skadeerstatningslova §1-1. Foreldre er erstatningsansvarlege etter skadeerstatningslova § 1-2 .

Det same gjeld ved tap eller øydelegging av bøker og anna skulemateriell. Skulen skal reagere dersom elevar øydelegg andre elevar/tilsette sine eigendelar.

Skulen har likevel ikkje erstatningsansvar for eleven sine ting (verdisaker, klede m.m) som kjem vekk eller vert øydelagde.

4. Brot på ordensreglementet kan medføre følgjande tiltak:

- samtale med eleven/påtale av lærar evt. inspektør/rektor
- telefon heim til foreldre/føresette
- brev/melding heim
- innkalling til samtale elev – foreldre
- mobbesaker vil bli handsama i tråd med Opplæringslova § 9a
- inndraging av rettar som andre elevar har
- inndraging av gjenstandar (farlege gjenstandar, ulovlege gjenstandar, mobiltelefonar m.m)
- nedsett ordens- og/eller åtferdskarakter
- krav om full eller delvis erstatning av skade på bygningar, inventar eller utstyr
- utvising i tråd med §2-10 i Opplæringslova
- melding til politiet ved lovbrøt.
- heimsending frå skuleturnar/leirskular/ekskursjonar
- Skulebyte

5. Bortvising

Ved bruk av vald og/eller truslar, særleg provoserande åtferd eller andre grove brot på ordensreglementet, kan elevar på 8.-10. klasstrinn visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar. Elevar på 1.-7.klasstrinn kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen.

Rektor vedtek eventuell utvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller straffetiltak. Eleven skal ha høve til å forklare seg munnleg overfor rektor.

Foreldre/føresette til elevane skal varslast før utvising blir sett i verk for resten av dagen på 1.-7. klasstrinn, og før utvising for heile dagar på 8.-10. klasstrinn, jf opplæringslova § 2-10.

III – SAKSBEHANDLING

§ 6. Generelle regler

Saksbehandling ved alvorlige brot på ordensreglementet følgjer reglane i opplæringslova § 2-9, samt saksbehandlingsreglane i forvaltningslova, jfr. kap. III – kap. VI ved enkeltvedtak.

§ 7. Kunnjing

Reglementet for orden og åtferd skal gjerast kjent for elevar, foreldre/føresette og tilsette kvart år ved starten av skuleåret.

IV - IVERKSETTING

Denne forskrifta trer i kraft 01.08.2015

Rundskriv om ordensreglement Udir-08-2014:

<http://www.udir.no/Regelverk/Finn-regelverk-for-opplaring/Finn-regelverk-etter-tema/Laringsmiljo/Ordensreglement-Udir-8-2014/>